

Rapport frå dialogmøte mellom Det humanistiske fakultet og Institutt for lingvistiske, litterære og estetiske studium

12.09.19

Til stades: prodekan Svein Ivar Angell (HF), studiesjef Ranveig Lote (HF), seniorrådgivar Inger Marie Hatløy, instituttleder Anders Fagerjord (LLE), undervisningsleiar Heming H. Gujord (LLE) og fungerande studieleiar Signe Nilssen (LLE).

Emne- og programevalueringar

Gujord orienterte om stoda for programsensorporteføljen ved LLE. Vi har per no tre aktive avtalar (norrøn filologi, kunsthistorie og digital kultur), men det har vore ei utfordring å få til teikning av nye avtalar. Det har blitt minna om dette med jamne mellomrom, og somme fagmiljø har funne personar dei ynskjer i rollene, men det manglar framleis faktiske avtalar med planar for kva som skal evaluerast. Av dei eksisterande avtalane, går to av dei ut i 2019 (norrøn filologi og kunsthistorie), og den eine er nett inngått.

Det blei understreka frå LLE-representantane at dette er noko vi har stor motivasjon for å bli betre på, og saka skal opp på neste møte i UUI.

Det blir gjennomført ein god del emneevalueringar på LLE. Det finst treårsplanar for alle fagmiljø, men det trengs truleg ei fornying av desse planane. For dei nordiske disiplinane har programstyret bestemt at alle emne skal evaluerast kvar gong emnet går. Difor kjem det inn ei god mengde med rapportar kvart semester derfrå.

Nilssen snakka om at ved den nye kvalitetsreforma skal alle emne ha ei kort eigenvurdering kvar gong emnet har gått. Dette har vi diverre ikkje kome i gang med ved instituttet, men dette er noko som vil bli gitt tydeleg beskjed om at skal gjennomførast frå og med hausten 2019.

Mentorordningar

Gujord orienterte om at LLE førebels ikkje har fått i gang ei mentorordning. Det er fleire grunnar til dette. Noko av utfordringa har vore at det har vore ein svært lang periode med mykje utskifting og lite stabilitet i studieadministrasjonen. Difor har ikkje dei tilsette der hatt høve til å vere med å planlegge eller gjennomføre slikt kvalitetssikrande arbeid. Fokus har i stor grad vore på å få gjennomført dei ordinære driftsoppgåvene, og fleire rundar med opplæring av nye kollegaer. Vidare har instituttet òg venta på føringar frå fakultetet.

Nilssen og Gujord understreka at det å få i gang ei mentorordning ved instituttet har toppprioritet. Dette er noko som skal takast opp med alle fagmiljø, og det er òg sak på neste møte i UUI.

Angell minna om at UiB sentralt har ressursar til å hjelpe til med opplæring og innspel til fagmiljøa. Desse ressursane er tilgjengelege ut 2019. Dette er noko LLE ynskjer å gjere seg bruk av. Gujord og Nilssen skal dessutan reise på konferanse om temaet i desember.

Det som òg blei diskutert, var spørsmålet om å nytte studentar til dette arbeidet versus det å nytte vitskapleg tilsette. Fagerjord nemnte at det berre er to fagmiljø ved LLE som har nok vitskaplege tilsette per student til å kunne få til ei ordning utan studentmentorar, nemleg norrønt og klassisk.

Dersom det skal nyttast studentar til dette arbeidet, må det avklarast med fakultetet om økonomien til desse tilsetjingane. Det blei vist til at FOF og IF har to ulike modellar med høvesvis vitskapleg tilsette og studentar som mentorar.

Etter- og vidareutdanning

Ved LLE er det ei relativt stor emneportefølje på etter- og vidareutdanning. Det er for tida 1,5 administrative stillingar som dekker dette feltet, noko som opnar for gode moglegheiter for støtte til arbeid med søknadar og utgreiing. Det som blei peika på som utfordringar knytt til feltet, er det at det har blitt gjort innstrammingar i høve til å tilsetje undervisarar utan utlysing. Difor blir det vanskeleg å planlegge for neste semester for emne som td. HERMOD620.

Vidare nemnte Gujord at det stadig kjem oppmodingar frå UiB Videre om å søkje på utlysingar frå Kunnskapsdepartementet. Desse søknadane må fagmiljø som ofte er hardt pressa utforme, utan å vere sikre på at vi vil ha folk som kan følgje opp, legge til rette for - og gjennomføre undervisinga.

Difor har det vore oppe til diskusjon i leiinga ved instituttet om vi må vurdere å takke nei til slike oppmodingar, slik at dei som høyrer til i fagmiljøa kan fokusere på dei studentane som er på campus og som alt er i dei eksisterande tilboda, og sikre eit godt læringsmiljø der.

Fjernstudiet i norsk som andrespråk, Prisme, er god butikk for instituttet, og dette fungerer godt. Fagmiljøet i norsk som andrespråk har søkt på ei KFK-utlysing etter oppmoding frå UiB Videre og fakultetet, sjølv om dei i utgangspunktet takka nei. Her er det òg planar for å utvide Prisme-tilbodet frå 30 til 60 studiepoeng.

Dersom det er mogleg å lyse ut faste stillingar for å dekke nye og eksisterande tilbod, vil det vere ein føremon. Det vil òg vere høve til å søkje om brufinansiering for å få i gang og/eller utbetre tilbod.

Internasjonalisering

Nilssen innleia med å seie at dette er eit område der instituttet i nokon grad har forsømt seg. Igjen har dette med å gjere dårleg stabilitet i studieadministrasjonen. Det blir inngått nye avtalar fleire gonger i året, men oftast på førespurnad frå prospektive partnarar. Her er det gjerne slik at avtalane blir inngått med velsigning frå fagmiljøet, men at ein ikkje ser føre seg at studentane våre kjem til å reise ut på desse avtalane. Noko av grunnen her er td. at vi på nordisk språk og litteratur ikkje ynskjer at studentane skal ta delar av spesialiseringa si på ikkje-skandinaviske universitet. Difor ber vi i slike tilfelle om at studentane kan reise hit for å ta skandinavistikk medan våre studentar må kunne velje frå heile porteføljen frå humanistiske fag på vertsuniversitetet.

Vi har studentar som reiser ut, men ikkje svært mange. Nilssen antyda at det kunne ha med økonomi og bustad i Bergen å gjere, noko Fagerjord meinte stemmer. Det blir oppmoda til å reise ut på alle orienteringsmøte i starten av semesteret, men det er ikkje utenkjeleg at informasjonen forsvinn litt mellom alle dei andre sakene som blir informert om på desse møta. Vi ynskjer å prøve å legge til rette for at fleire reiser ut. Men det krevst nok ein gjennomgang og fagleg kvalitetssikring av dei eksisterande avtalane. Lote minna om at det er på trappene med ein gjennomgang av alle Erasmus-avtalane i haust.

På nordisk språk og litteratur har det kome eit slikt initiativ frå fagkoordinator Torodd Kinn. Han ynskjer at Anna Bohlin, som er tilsett som vikar på nordisk litteratur, skal nytte sine kontaktar med

dei svenske universiteta, og han ser føre seg at vår nye kollega på nordisk språk, Kari Kinn, har ein del gode kontaktar, og at han gjerne vil at dette skal vere noko ho kan arbeide med når ho begynner.

Fagerjord og Gujord viste òg til at fagmiljøa i norrønt og digital kultur i svært stor grad bidrar til internasjonalisering ved LLE. Vi arbeider mykje med søknader til Marie Curie-stipend. Elles er det mykje lærarutveksling, og mykje initiativ til nye avtalar frå desse fagmiljøa. Digital kultur har ein Fulbright-professor kvart år.

Dimensjonering av studietilbod

Fagerjord orienterte. Det er ingen planar om å opprette nye studieprogram ved LLE. Men det har vore sett mykje på dei eksisterande tilboda. Og det har handla om å skjere ned til beinet på undervisingstilbodet og valfridomen i studieprogramma. Dette handlar om å få høve til å skrive ned store plusstidssaldoar og opne for at dei vitskapleg tilsette faktisk skal ha tid til òg å drive med forskning.

Vi har nyleg gjennomført ein prosess der vi har sett på vurderingsordningane ved instituttet. Her er målet å spare tid og pengar som blir brukt på sensur, slik at dette kan kome undervisinga til gode.

SN, 130919